

**VERDSARV**

Geirangerfjorden

**Stiftelsesdokument**

for

Stiftinga

**Geirangerfjorden Verdsarv**

## **Innleiing**

Stiftelsesdokumentet er utarbeidd i tråd med § 9 i lov om stiftingar av 15.06.2001 og inkluderer vedtekter\* for Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

\* I tillegg til vedtektene gjeld lov om stiftingar av 15.06.01, nr. 59. Dersom der er motstrid mellom vedtektene og lova, går lova føre.

### **§ 1. Etablering**

Stiftinga med namnet Geirangerfjorden Verdsarv er oppretta på stiftingsmøte den 30. mars 2009 av stiftarane;

- Norddal kommune,
- Stranda kommune og
- Møre og Romsdal fylke.

Vedtektene for stiftinga er vedtekne same dag.

Stiftinga er ei næringsdrivande stifting med ideelt føremål, jfr. § 2.

Stiftinga sitt forretningskontor er i Geiranger i Stranda kommune.

Stiftinga er etablert som ein konsekvens av at verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, representert ved Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet vart innskriven på UNESCO si liste over verdas kultur- og naturarv.

Opprettinga er vidare forankra i Artikkel 17 i UNESCO konvensjonen for vern av verda sin kultur og naturarv av 1972, der statsparten vert oppmoda om å etablere offentlege eller private stiftingar som har som formål å oppfordre til donasjonar for vern av verda sin kultur- og naturarv.

### **§ 2. Føremål**

Stiftinga sitt føremål er;

- *å utvikle kompetanse innan vern, bevaring og formidling av naturarven Vestnorsk fjordlandskap,*
- *å drive ei berekraftig utvikling av det unike verdsarvområdet,*
- *å representere ein arena for vitenskapeleg forskning på området,*
- *samt vere premissleverandør overfor myndigheiter,*

i tråd med artikkel 5 e) i UNESCO konvensjonen, samt anna som elles står i naturleg samanheng med dette.

### **§ 3. Grunnkapital**

Stiftinga skal ha ein grunnkapital på kr. 2.100.000.

Dette omfattar innskotne midlar kr. 2.100.000.

## § 4. Styret

### § 4. – 1. Samansetting

Styret representerer stiftinga offentleg. Styret kan gje styremedlemer eller dagleg leiar rett til å representere stiftinga i samsvar med stiftingslova § 38.

Styret skal ha minimum 3 alternativt 5 medlemmer. Av det totale antal oppnemne fagrådet eitt medlem med varamedlem og stiftarane 2 alternativt 4 medlemmer med varamedlemer.

### § 4. – 2. Funksjonstid

Styremedlem / varamedlem har funksjonstid på fire år. Sjølv om funksjonstida er ute, skal styremedlem(er) bli ståande i vervet, inntil nytt/nye medlem(er) er oppnemnd. Eit styremedlem kan etter søknad til styret tre tilbake før tenestetida er ute, dersom særleg grunn ligg føre. Medlem / varamedlem kan likevel ikkje tre tilbake før nytt medlem / varamedlem er vald.

### § 4. – 3. Godtgjersle

Styret fastset godtgjersle for faste medlemmer og før møtande varamedlemer. Møtande medlemmer / varamedlemer har i tillegg rett på dekning av reisekostnader m.v. Prinsippa i kommunelova §§ 41 og 42 kjem til nytte så langt dei passar.

Stiftelsestilsynet kan sette ned godtgjersle som er urimeleg høg, i tråd med stiftingslova § 40 første og andre ledd.

### § 4. – 4. Oppgåver

Styret skal m.a.:

- Ivareta dei oppgåver som er tillagt styret i lov om stiftingar av 15.06.01 nr. 59.
- Utarbeide langsiktige planar og budsjett.
- Sende inn årsmelding og revidert årsrekneskap innan utgangen av april kvart år til stiftarane, departement/direktorat.
- Tilsetje dagleg leiar og fastsetje løns- og arbeidsvilkår for denne.
- Syte for at rekneskapen vert ført i samsvar med lov om rekneskap og at revisjon skjer i samsvar med lov om revisjon.
- Gjere vedtektsendringar og handsame spørsmål om oppløysing av stiftinga (jfr. stiftingslova kap 6.). Framlegg om vedtektsendringar m.m. må gå fram av innkallinga til møtet. Før endringar av vedtektene eller saker om oppløysing, fusjon eller fusjon vert behandla, skal desse sakene leggjast fram for fagrådet og stiftarane for uttale.
- Velje revisor.
- Invitere medlemmar inn og vedta opptak i fagrådet.
- Eventuelle andre oppgåver som styret ønskjer å ta opp og som ikkje er i strid med føremålet.

Styret vel sjølv styreleiar og nestleiar for ein periode på fire år. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem/varamedlem av styret.

Stiftinga sin signatur har styret sin leiar og ein medlem i fellesskap. Styret kan meddele prokura til dagleg leiar.

#### **§ 4. – 5. Saksbehandling**

Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styremedlemer er til stades, eller deltar i styrebehandlinga. Dersom eit medlem grunna forfall eller inhabilitet ikkje kan delta i møtet eller behandlinga av ei enkelt sak, skal varamedlem innkallast for deltaking i møtet eller når den aktuelle saka vert behandla.

- Styret vert innkalla av styreleiar eller når minst to styremedlemer krev det.
- Styret gjer vedtak i møtet, jfr. stiftingslova §31, 3.ledd.
- Styret fattar vedtak etter definerte fleirtalskrav, jfr. § 4. – 6. i vedtektene.
- Det skal førast protokoll frå styremøta. Protokollen skal underskrivast av alle styremedlemene som deltok i styremøtet.
- Reglane om habilitet i kommunelova § 40 og forvaltningslova kap II kjem til nytte.
- Styret oversender saker til uttale i fagrådet på eige initiativ.
- Saker som omhandlar fellesskapen i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap skal oversendast Verdsarvrådet for uttale.

#### **§ 4. – 6. Fleirtalskrav**

Styret gjer vedtak med simpelt fleirtal av dei frammøtte medlemmer, med desse unntaka:

- Styret kan berre gjere vedtak i saker om vedtektsendringar når styret er fulltalig. Vedtektsendringar krev tilslutning frå minst 2/3 av dei møtande.
- Styret kan berre gjere vedtak i saker om oppløysing eller fisjon av stiftinga når styret er fulltalig. Slike vedtak krev tilslutning frå alle dei møtande.

### **§ 5.           Dagleg leiing**

Den daglege leiinga av stiftinga skal ivaretakast av ein dagleg leiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret, sjå vedtekta § 4-4. Dagleg leiar har ansvaret for at verksemda vert driven i samsvar med stiftinga sitt føremål, vedtektene og styret sine vedtak, jfr. stiftingslova §38, 3. ledd.

Dagleg leiar førebur saker for styret og er sekretær for styret.

Styret kan fastsetje instruks for dagleg leiar.

### **§ 6.           Fagrådet**

Fagrådet er stiftinga sitt konsultative råd i faglege spørsmål. Fagrådet vert samansett av offentlege og private institusjonar innan fagfelte naturforvaltning/forsking, kulturminnebevaring/forsking, høgskulemiljø, forskingsinstitusjonar og andre relevante kompetansemiljø. Styret vel medlemmer til fagrådet.

Rådet kan gje uttale til alle saker de får seg førelagt eller andre spørsmål som vedrører stiftinga.

Rådet skal ha minst eitt møte i året. Rådet skal ha ein ordførar, som skal innkalle til og leie rådsmøta. Rådet vel sjølv ordførar for to år om gongen. Rådet er vedtaksført når eit fleirtal av medlemene er til stades. Styret kan vere til stades på rådsmøta.

Rådet sine oppgåver for stiftinga er m.a. å:

- Oppnemne eit styremedlem med vara til stiftinga sitt styre
- Gje faglege råd til styret og dagleg leiing av stiftinga
- Gje fråsegn til års- og langtidsbudsjett og handlingsplanar for stiftinga, etter initiativ frå stiftinga sitt styre
- Gje uttale i alle saker om omdanning av stiftinga

Det skal førast møtebok frå møta i Rådet. Dagleg leiar førebur saker for rådet og er rådet sin sekretær.

## § 7. Omdanning

Omdanning er i lov om stiftingar § 45 definert som endring eller oppheving av den rettslege disposisjonen som dannar grunnlaget for stiftinga, eller av stiftinga sine vedtekter. Omdanning kan berre skje innanfor rammene fastsett i *lov om stiftingar kapittel 6*.

### Krav til saksbehandlinga


1. Framlegg om vedtektsendringar m.m. må gå fram av innkallinga til møtet. Før endringar av vedtektene eller saker om oppløysing, fisjon eller fusjon vert behandla, skal desse sakene leggst fram for fagrådet og stiftarane for uttale.
2. Framlegg om oppløysing kan berre vedtakast, dersom det gjennom stiftinga vert uråd, eller stifting ikkje lenger er ein tenleg organisasjonsform for å oppfylle stiftinga sitt føremål. Framlegget om oppløysing, fisjon eller fusjon må gå fram av innkallinga til møtet. Før sak om oppløysing m.v. blir behandla skal framlegget drøftast i fagrådet og oversendast stiftarane for uttale.
3. Dersom stiftinga vert oppløyst skal stiftinga sine eigedelar og midlar førast over til annan institusjon som arbeider etter tilsvarende retningsliner/føremål eller disponerast til andre miljøvernformål.



Frank Sve  
Stranda kommune



Bjørn Inge Ruset  
Norrdal kommune



Willy J. Loftheim  
Møre og Romsdal fylke